

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

**Vår ref:**  
24/00421-1

**Saksbehandlar:**  
Inger Aasgaard

**Dato:**  
1. oktober 2024

## **Barneombodets innspel til stortingsmelding om sosial utjamning og sosial mobilitet**

Vi takkar for moglegheita til å komme med innspel til stortingsmeldinga om sosial utjamning og sosial mobilitet.

Barneombudet har tidlegare gitt høyrings svar til rapportane frå ekspertgruppa om barn i fattige familiar og ekspertgruppa om betydninga av barnehage, skole og SFO for sosial utjamning og sosial mobilitet. Vi har òg gitt innspel til handlingsplanen for auka deltaking i fritidsaktivitetar, og delteke på innspelsmøte 13. februar 2024 i Trondheim om barnets tusen første dagar.

Vi vil nytte høvet til å samanfatte hovudpunkta frå dei ovannemnde innspela i dette brevet.

### **Stortingsmeldinga må innehalde ei barnerettsvurdering**

Barneombudet er bekymra for den høge andelen barn som veks opp i vedvarande låginntekt i Noreg, og for at dei sosiale skilnadene blant barn og unge aukar. Sjølv om sosial ulikskap er ei samansett og kompleks samfunnsutfordring, er dei to ovannemnde ekspertgrupperapportane eintydige på at oppvekst i ein familie med låg sosioøkonomisk status kan ha negativ påverking på mellom anna barns deltaking i barnehage og fritidsaktivitetar, korleis dei presterer på skolen, den fysiske og psykiske helsa deira, og dessutan omsorga dei får frå foreldra sine.

Sosial ulikskap kan dermed utfordre realiseringa av ei rekkje grunnleggjande rettar barn har etter norsk lov, som retten til utvikling, retten til økonomisk og sosial tryggleik, retten til utdanning, retten til kvile, leik og fritid, retten til helse og retten til god omsorg.

Barneombudet vil derfor understreke viktigheita av at regjeringa i stortingsmeldinga kartlegg og vurderer kva konsekvensar dei aktuelle tiltaka vil ha for barns rettar. Dette må inkludere ei vurdering av om tiltaka er til barnets beste, jf. Grunnlova § 104 andre ledd og FNs barnekonvensjon artikkel 3 første ledd.

## Stortingsmeldinga må vektleggje meiningane til barn og unge

Regjeringa må òg sikre at retten barna og unge har til å bli høyrd blir vareteken i utforminga av stortingsmeldinga og at synspunkta deira blir vektlagde, slik barnekonvensjonen artikkel 12 krev. Synspunkta til barn og unge må vere ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget til regjeringa og i vurderinga av om dei aktuelle tiltaka er til barnets beste, jf. over.

Som påpeika i høyringssvaret vårt til ekspertgrupperapporten «*Et jevnere utdanningsløp*», meiner vi det er uheldig at rapporten ikkje inneheld synspunkt frå barn og unge, og at det heller ikkje er vist til forskning der barn og unge har medverka.

## Foreldrestøttande tiltak må vere tilgjengeleg i alle kommunar

Barneombudet gav i 2022 ut rapporten "[Hvem skal jeg snakke med nå?](#)" om psykisk helsehjelp til barn og unge i kommunane. Fleire av tilrådingane i rapporten er relevante for stortingsmeldinga om sosial utjamning og sosial mobilitet. Vi vil særleg løfte behovet for at alle kommunar har foreldrestøttande tiltak tilgjengeleg. I dag varierer det kva kommunane har av slike tiltak på ulike førebyggjande nivå (universelle, selekterte og indikerte).

Foreldrestøttande tiltak er viktig for å vareta fleire av barns rettar. WHO reknar foreldrestøtte som eit av dei viktigaste førebyggjande tiltaka for å redusere vald, overgrep og omsorgssvikt. FNs barnekomité understrekar òg betydninga av foreldrestøtte for å vareta barns rett til helse, og tilrår at statane tilbyr evidensbaserte intervensjonar som undervisning, støttegrupper og familievern.<sup>1</sup> Barnets tusen første dagar (frå unnfanging til det er to år) har mykje å seie for den vidare utviklinga til barnet og livssituasjon. Foreldre kan ha behov for lett tilgjengelege foreldrestøttande tiltak i denne perioden. Tidleg og rett hjelp kan bidra til å fremje god psykisk helse hos både foreldre og barn.

Barneombudet meiner regjeringa må sikre at foreldrestøttande tiltak er lett tilgjengelege i alle kommunar, med rutinar som sikrar oppfølging over tid for dei som treng det.

## Hovudpunkt frå Barneombudets høyringssvar til ekspertgruppa om barn i fattige familiar

Under følgjer ei oppsummering av hovudpunkta i [høyringssvaret](#) vårt av 26. januar 2024 til rapporten «*En barndom for livet*» frå ekspertgruppa om barn i fattige familiar.

- Kontantytningar til fattige barnefamiljar må aukast og innrettast på ein måte som gir barnefamiliane ein meir føreseieleg og stabil økonomi.
- Barnets beste og retten barnet har til å bli høyrd må bli lovfesta i sosialtenesteloven. Det bør òg vurderast om saksbehandlingsreglane bør lovfestas i Nav-loven og folketrygdloven.
- Nav-tilsette må få auka kompetanse i barns behov og rettar. Rettleiaren om barnets beste, lansert av Arbeids- og velferdsdirektoratet i mars 2024, må implementerast og det må

---

<sup>1</sup> FNs barnekomité (2013). "General Comment nr. 15: On the right of the child to the enjoyment of the highest attainable standard of health (art. 24)"; CRC/C/GC/15, avsnitt 67

vurderast om det er behov for endringar i rundskriv eller anna rettleiing om korleis barneperspektivet skal utøvast i praksis.

- Det bør gjennomførast systematisk utprøving av familiekoordinatorar med vurdering av kva effektar dette har for barn og foreldra deira.

### **Hovudpunkt frå Barneombodets høyringssvar til ekspertgruppa om sosial utjamning i barnehage, skole og SFO**

Under følgjer ei oppsummering av hovudpunkta i [høyringssvaret](#) vårt av 26. april 2024 til rapporten «*Et jevnere utdanningsløp*» frå ekspertgruppa om sosial utjamning i barnehage, skole og SFO.

- Det er behov for eit betre system for å sikre at elevar faktisk får den tilpassa opplæringa dei har rett på.
- Alle elevar som treng særskild språkopplæring må få eit godt tilbod, og det må vere klare retningslinjer for dette.
- Eit nasjonalt forløpsregister vil gi eit betre kunnskapsgrunnlag for å utvikle gode tilbod i barnehage og skole.
- Laget rundt barn og unge er eit viktig tiltak for å redusere sosiale skilnader. Det er behov for meir systematisk arbeid og kunnskapsdeling på dette området.
- Skolane må ha ein plan for systematisk arbeid med sosioemosjonelle ferdigheiter.
- Det er behov for auka bruk av smågruppeundervisning for å styrkje dei faglege ferdigheitene til elevane.
- Det pedagogiske samarbeidet mellom barnehage og skole må styrkjast.

Med venleg helsing

Ivar Stokkereit  
fagsjef

Inger Aasgaard  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Karl Johans gate 7,  
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,  
0028 Oslo